



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 27.06.2014

Vår ref.: 2014/2371

Arkivnr.: 461.3

Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Hoff SA Jæren i Klepp kommune – Søknad om løyve etter forureiningslova - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved handsaminga av søknaden. Fristen for å kome med fråsegn er 8 veker både for kommunen og andre. Me ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Hoff SA Jæren om løyve etter forureiningslova i Lalandsvegen 21, Klepp. Bakgrunnen for søknaden er at løyvet som verksemda har i dag er 25 år gammalt og utdatert.

Kort utgreiing om verksemda og søknaden:

Type verksemd: - Skrelling av potet
 - Potetmjølproduksjon
 - Matpotetpakkeri

Plassering: Lalandsvegen 21, gnr. 14 bnr. 14, Klepp
 kommune.

Reinsing av prosessvatn: Produksjonen gjev eit prosessvatn som etter reinsing framleis inneheld organisk stoff og partiklar. Avløpsvatnet vert ført ut på offentlig nett og til reinseanlegget Bore. IVAR IKS vurderer å føre avløpet over til reinseanlegget på Vik.

Avløpsmengde er ca 15 m³/driftstime. HOFF søker om utslipp av gjennomsnittlig 400 kg KOF/døgn, 10 kg P/døgn og 110 kg SS/døgn. Dersom en antar at 1 pe tilsvarer ca 100 gram/døgn vil utslippet fra HOFF tilsvare omtrent 4000

personekvivalenter (pe).

HOFF har forslag til undersøkingar og tiltak som kan bidra til å optimalisera drifta av reinseanlegget og gje auka reinsing.

Sanitæravløp:	Går direkte på offentleg nett, ikkje via eige reinseanlegg
Kjølevatn:	<p>Det vert tatt ut gjennomsnittleg 100 m³/t kjølevatn. Vatnet vert tatt ut frå Frøylandsvatnet, sjå vedlegg 8 for kartfesting. Kjølevatnet går i lukka krets i fabrikk, og er ikkje i kontakt med prosessvatn. Kjølevatnet er difor ikkje forureina når det vert slept ut i Frøylandsvatnet igjen.</p> <p>Temperaturen er målt i pumpehuset ved inntak og i bekk etter at kjølevatn er tilført. I målepunktet for utgåande vatn er altså kjølevatn blanda med anna vatn. Temperaturforskjellen mellom desse to målepunkta er i gjennomsnitt 2,1 grader. For fleire detaljar sjå vedlegg 8.</p>
Brukstid:	Heile året.
Innsatsstoffer:	Det vert nytta ulike vaske- og desinfeksjonsmiddel som natriumhypokloritt og alkalisk vaskemiddel (natriumhydroksid) som har miljømerkinga «R50- Meget giftig for vannlevende organsimer». Dei andre stoffa har ikkje miljømerking. For stoffet natriumbissulfosucciant manglar det opplysningar.
Avfall:	<p>Som eit resultat av produksjon og reising vert det danna 3 ulike kategoriar av avfall som inneheld organisk materiale:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Jord som vert harpa av potetene i mottaket. Inneheld også litt poteter. Vert nytta som jordforbedring på jordbruksareal.2. Slam som sedimenterer i reinseanlegget. Vert levert til Norstone si massefylling på Røyneberg.3. Fruktsaft og potetrasp er biprodukt frå ulike prosesstrinn ved produksjon av potetmjøl. Vert nytta som gjødsel og som dyrefor.
Omn:	1,995 MW
Lukt:	HOFF har tidlegare i enkelte periodar hatt problem med lukt, primært knytta til tømning av sedimentert slam i reinseanlegget. Det er satt i verk tiltak for å minimere luktutfordringane, sjå vedlegg 12 til søknaden.

Fylkesmannen sine merknader:

Det er i søknaden lagt fram forslag til forslag til undersøkingar og tiltak som kan bidra til å optimalisera drifta av reinseanlegget. Overflatebelastninga for reinseanlegget er rekna ut feil. Men det er uansett ein god del forslag til kva ein bør gjere for å betre reinsinga. Fylkesmannen vil ta stilling til dette etter høyringa.

Fylkesmannen ynskjer innspel frå Klepp kommune og IVAR IKS på om reinseanlegget på Bore og eventuelt Vik har den naudsynte kapasitet til å ta i mot avløpet frå HOFF.

Fylkesmannen vil også gjerne vite om det er problem knytt til uttaket av kjølevatn frå Frøylandsvatnet.

Handteringa av organisk avfall ved verksemda vil også vere eit viktig tema ved handsaminga av søknaden.

Vi ber elles om opplysingar om lokale forhold som gjeld helse og miljø som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden. Særskilt ynskjer vi opplysingar om bedrifta sine utslepp kan føre til konflikhtar i forhold til mål for vassregionen i området. De bør elles opplyse om kommuneplan, reguleringsføresegner og eventuelle reguleringsplanar, noverande og framtidige interesser i området, eller resipientforhold og naboforhold som de meiner er relevante for saka.

Klepp kommune og aktuelle råd, interesseorganisasjonar og andre som kan ha interesse i saka har frist på åtte veker for å sende merknader til søknaden etter at brevet er motteke. Vi ber om at kopi av uttaler også blir sendt i kopi til kommunen.

Offentleg kunngjering:

Fylkesmannen syt for kunngjering av søknaden i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Kunngjeringskostnadane vert betalt av søkjar. Kunngjeringsteksten er vedlagt.

Utlekking til offentlig ettersyn:

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn på rådhuset, Klepp, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside, www.fylkesmannen.no/rogaland under "Snarvegar" og "Høyringar".

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass fylkesmiljøvernssjef

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Kristin Espeset
Saksbehandlar telefon: 5156 8878

Sett:

1. Søknad
2. Kunngjeringstekst

Klepp kommune skal ha 2 sett

Kopi til:

Jernbaneverket	Postboks 4350	2306	HAMAR
Anne-Marie Tonstad Anda	Lalandsvegen 23	4353	KLEPP STASJON
Lars Alvern	Andastien 9	4353	KLEPP STASJON
Arvid Vinterstø	Kleppemarka 5	4352	KLEPPE
Marit Line	Andastien 7	4353	KLEPP STASJON
Tine SA	Postboks 25	0051	OSLO
Tangerholen AS	Bedriftsvegen 35	4353	KLEPP STASJON
Linda Krognæs	Kleppemarka 5	4352	KLEPPE
Grude Utbygging AS	Bedriftsvegen 35	4353	KLEPP STASJON
Irina Aarsheim	Stasjonsvegen 274	4353	KLEPP STASJON
Erik Øksnevad	Stasjonsvegen 250	4353	KLEPP STASJON
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Harald Anda	Lalandsvegen 33	4353	KLEPP STASJON
John Steinar Svanes	Stasjonsvegen 270	4353	KLEPP STASJON
Tangerholen 1 AS	Postboks 54	4360	VARHAUG
Sigrid Sofie Kvasheim	Lalandsvegen 11	4353	KLEPP STASJON
Arne Hadland Orre	Andastien 1	4353	KLEPP STASJON
Svein Inge Kristiansen	Lalandsvegen 30	4353	KLEPP STASJON
IVAR IKS	Postboks 8134	4069	Stavanger